

## Durito om falske val

Durito seier dei mange vala makta byr gøymer ei felle.

"Der det er mange vegar og me vert bydde sjansen til å velgja, vert noko fundamentalt gløymt: alle vegane fører til det same. Derfor er denne fridomen ikkje det å kunna velgja lagnad, gangart, rytme, fart og selskap, men berre det å velgja veg. Fridomen som dei mektige tilbyr, er berre ein fridom til å velgja kven som skal gå i staden for oss sjølve", seier Durito.

Durito seier makta i realiteten ikkje tilbyr anna enn valet mellom eit utal alternative dødsformer. Du kan velgja den nostalgiske modellen, det vil seja gløymsla. Det er denne som vert gjeven til dei meksikanske indianarane, som den mest eigna for deira tankesett. Eller du kan velgja moderniserande modellen, det vil seja den hensynslause utnyttinga. Det er denne som til dømes vert lagt fram for middelklassa i Latin Amerika, som den mest eigna for deira overordna konsum herrar.

Og, om ikkje noko av dette passar, kan du velgja den futuristiske modellen. Det vil seja den med det 21. hundreårets våpen. Det er denne som, til dømes, vert bore fram av dei fjernstyrte rakettane i Irak, og som, for at det ikkje skal vera nokon tvil om deira demokratiske ånd, drep irakarar like godt som nordamerikanarar, arabarar, kurdarar, britar og kuwaitarar (pluss dei nasjonalitetane som gjennom tida sluttar seg til rekkja av døde). Det er også mange andre dødsformer. Nesten for einkvar smak og behag. Og, dersom ein skal rosa nyliberalismen for noko, så må det vera for å tilby ei nesten uendeleg mengd ulike dødsformer. Ikkje noko anna politisk system i historia kan skilta med eit liknande utval.

Durito set eit glas vatn på det vesle bordet av stokkar, knytt med slyngplantar, og legg til: "makta seier oss, til dømes, at me skal velgja mellom å vera optimistar eller pessimistar. Pessimisten ser glaset halvtomt, optimisten ser glaset halvfullt. Men, opprøraren ser at verken glaset eller vatnet som er i det, hører til han sjølv. Det er ein annan, den mektige, som fyller og tømmer glaset som han vil. Opprøraren, på si side, ser denne fella og kjelda som vatnet spring ut frå".

"Altså, om opprøraren må velgja mellom fleire vegar, ser han endå lengre og ser to gongar: han ser at alle vala fører same vegen, og han ser at det ikkje er nokon veg som fører der opprøraren vil. Dermed, i staden for å få angst av spørjeundersøkjingar som seier at så og så mange prosent ikkje kan ta feil, byrjar han å laga ein ny veg", seier Durito medan han, på papir i alle fargar, delar ut mange "NEI" framføre dei amerikanske ambassadane i heile verda. Desse ambassadana som alle veit liknar mistenkjeleg på salsboder for plastikk hamburgarar.

Frå fjella i det søraustlege Mexico.

Subcomandante Insurgente Marcos.  
Mexico, Mars 2003.